



GULATING LAGMANNSRETT

# Årsmelding 2014





Foto: Hundven-Clements Photography

## INNHOLD

Året 2014 i Gulating lagmannsrett .....	2
Saksavviklinga 2014: Gode resultat .....	4
Farvel til ringpermane – rapport frå ei digital ankeførehaving .....	7
Nettbrett er blitt arbeidsverkty for dommarane .....	11
Gulating lagmannsrett – ein reisande domstol .....	12
Tilsette i 2014 .....	14
Fredrik Staff .....	17

# Året 2014 i Gulating lagmannsrett

2

Domstolane er samfunnsinstitusjonar som skal vera uavhengige og upartiske. Oppgåva er å løysa tvistar. Alt arbeid i domstolane skal skje med krav til høg kvalitet som siktet mål. I kvalitetsomgrepet ligg krav til innhaldet i avgjerdene, men òg til den tida det tek å få ei endeleg avgjerd.

Verksemda til domstolane blir styrt av dei ressursane som blir tildelt, og av den måten vi nyttar ressursane på.

I Gulating lagmannsrett har vi i 2014 særleg hatt merksemda retta mot saksavviklingstida. På fleire område makta vi å betra saksavviklingstida monaleg, samt å redusera behaldninga av uavgjorte saker.

Talet på saker som kjem inn til lagmannsretten i løpet av eit år held seg overraskande stabilt. Slik òg i 2014, unntake straffesakene som har hatt ein liten nedgang.



Førstelagmann Bjørn Solbakken.

Foto: Hans Jørgen Brun.

Saksbehandlingstida for sivile saker har halde seg stabil og låg på 204 dagar. Det fastsette målet er 180 dagar, så vi er eit lite stykke unna målet. Likevel er resultatet det beste som er oppnådd sidan 2010.

Kortast mogleg saksavviklingstid har ein klår samanheng med omfanget av tildelte ressursar, særleg tal på stillingar, men og tekniske hjelpe middel. Ei anna viktig utfordring er tilgjenger til dei andre aktørane. Det kan vera komplisert å finna datoar som passar alle. Berammingane trekkjer og av den grunnen ut i tid.

Gulating lagmannsrett har i 2014 beramma fleire saker enn vi i utgangspunktet hadde teoretisk kapasitet til å avvikla. Nokre gonger har det ført til at beramma saker blei avlyst grunna dommarmangel. Slik beramming er naudsynt dersom ressursane skal bli nytta best råd er. Dette særleg fordi ankar blir trekte heilt opp mot dagen for ankeførehavinga. Dei dommarressursane som då blir tilgjengelege, kan vi nytta på andre saker.

Gulating lagmannsrett har i 2014 og tatt i bruk ny teknologi for å betra ressursutnyttinga.

Lagmannsretten avviklar i 2014/2015 ei langvarig økonomisk straffesak. Her har vi tatt i bruk elektronisk dokumentbehandling. Røynslene så langt er særslig gode. Ein får betre moglegheit til å finna fram i, og halda oversikt over, store dokumentmengder.

Domstolen har òg i 2014 utstyrt alle dommarar med nettbrett. Tanken er at ein skal ha naudsynt informasjon tilgjengeleg kor ein enn er. Dessutan skal ein kunne produsera sine eigne notat i elektronisk form, slik at gjenbruken blir enklare.

Utgreiardelinga i lagmannsretten er òg eit

vikting bidrag til betra ressursutnytting. Utgreiarar er juridiske saksbehandlarar som hjelper dommarane under saksførebuinga. Ordninga har så langt verka særstilfredsstillande.

I 2014 iverksette vi eit internt prosjekt for å vurdera kva som kunne bli oppnådd viss vi i første omgang kunne auka talet på utgreiarar til 5 personar. Det overordna siktemålet var å frigjera dommarkapasitet, slik at dommarane kunne sitte meir i retten, og bruke meir tid til utforming av avgjerder.

Konklusjonen på det interne prosjektet var at ein såg stor nytte i å utvida talet på utgreiarar.

Det blei særleg peika på følgjande føremoner:

1. Frigjera dommarkapasitet for arbeid i retten med rettslege problemstillingar og til domskriving.
2. Sikring og betring av kvaliteten på saksbehandlinga under saksførebuinga, og på avgjerdene i det heile.
3. Spesialisering. Utgreiarane kan opparbeida spesialkunnskap på enkelte saks- eller rettsområde, og på det viset oppnå vinstar både når det gjeld effektivitet og kvalitet.

Når det gjelder arbeidsoppgåvene til utgreiarane blei det i same utgreiinga peika på:

- Saksførebuing av alle ankar over orskurdar og vedtak.
- Saksførebuing når det gjeld siling av straffesaker.
- Bistand til saksførebuing av sivile saker.
- Utarbeida utkast til dommar, orskurdar og vedtak kor avgjerala skal treffast på skriftleg grunnlag.

Prosjektet enda opp med den følgjande strategiske målsettinga for Gulatings lagmannsrett:

- Gulatings lagmannsrett skal i løpet av 1. halvår 2015 ha til saman 5 utgreiarar.
- Finansieringa skal skje ved at vi søker DA om bidrag, samt at det ved vakanse blir omgjort eit dommarembete og på sikt ei saksbehandlarstilling til utgreiarstillingar.

Domstolsadministrasjonen meldte i desember 2014 at dei ga si tilslutning til prosjektet, og at midlar ville bli stilt til rådvelde i samband med fordelinga av budsjettet for 2015.

Fra lagmannsretten si side er vi sikre på at dette inneber ein ny og meir effektiv måte å arbeida på, til beste for det rettssökjande publikum, både når det gjeld saksavviklingstid og kvalitet på avgjerdene.

Den betringa vi i 2014 har sett når det gjeld saksavviklingstid, skuldast i første rekke innsatsen til dei tilsette. Utan deira vilje til god ressursutnytting og til omstilling og nytenking, kunne resultata ikkje ha vore nådd. Samarbeidstilhøva har vore gode. Det same gjeld tilhøvet til dei tillitsvalde.

Samspelet mellom innsatsen til medarbeidarene, teknologibruk og organisasjonsutvikling er ein dynamisk prosess, kor ein aldri kjem til vefs ende. Å slå seg til ro med det som er oppnådd, inneber i realiteten stagnasjon. Omstilling og nytenking vil difor heile tida vera ei utfordring for organisasjonen.

*Bjørn Solbakken  
førstelagmann*

# Saksavviklinga 2014: Gode resultat

4

I Årsmeldinga for 2013 hadde den tilsvarende bolken om saksavvikling overskrifta «Det lysnar!» – og slutta slik: «Det er difor grunn til å vona at 2013 var eit vendepunkt, og at ein negativ tendens til større restansar og lengre ventetid er snudd...»

Det er ei stor glede å konstatera at denne vona har vist seg å slå til i 2014. Behaldninga av dei fleste sakstypar er redusert, og behandlingstida har gått ned. Ikkje minst gjeld dette straffesakene. Detaljane går fram av tabellen på nedanfor. Her skal eg nøya meg med å peika på nokre viktige tendensar.

## **Straffesakene: Færre nye saker – lågare behaldning**



Medan talet på innkomne lagrettesaker ligg nokolunde stabilt i høve til føregåande år, har talet på nye meddomsrettssaker falt kraftig, frå 127 i 2012 til 86 i 2014. Dette har gjort det mogleg for Gulatings lagmannsrett å arbeida ned restansane på straffesakssida monaleg dei siste to

åra. Vi har ved årsslutt ei samla behaldning på 70 henviste straffesaker, tilsvarende tal for 2012 var 132. Det er då særleg meddomsrettssakene som har gått svært mykje ned.

Vi er ved årsskiftet 2014/15 i den gunstige situasjonen at restansane på straffesakssida er so godt som fjerna, og har difor eit godt utgangspunkt for saksavviklinga i det året vi no er inne i.

## **Lågare behandlingstid**

Vi har no 6 månader i gjennomsnittleg behandlingstid for lagrettesakene, og 5.2 månader for meddomsrettssakene. For fagdommarsakene er ventetida korta ned til 3.7 månader. Tala kan framleis bli betre, og vi vil arbeida vidare med dette for auge i 2015. Særleg lagrettesakene ynskjer vi å korta ned ventetida på. Det er likevel oppmuntrande å sjå at Gulating no hevdar seg klårt betre med omsyn til behandlingstid, også når vi samanliknar oss med dei andre lagmannsrettane.



## Sivile ankesaker: Fleire nye saker – auka saksavvikling

Vi fekk inn 423 nye ankar over dom i sivil sak i 2014, ein auke på 8% i høve til dei to føregåande åra. Vi avvikla 429 saker, det høgaste talet i 5-årsperioden. Behaldninga blei dermed redusert, og behandlingstida blei uendra frå 2013, 6.8 månader.

Det er grunn til å tru at rettsmeklingsprosjektet, som blir drive særskilt aktivt i domstolen, har medverka til at fleire saker har fått si løysing på eit tidlegare tidspunkt enn kva som elles hadde vore tilfellet. Meklinga gir mange partar tilbod om rask behandling, med lågare kostnader. Færre

saker går då heile vegen til ankeførehaving og dom. Mest alle sakene som går til mekling, blir nemleg forlikt der og då. Forlikss prosenten ligg godt over 90%.

Når det gjeld anke over orskurdar og vedtak ser vi og her ein auke i nye saker, frå 291 i 2013 til 320 i 2014. Avviklinga har ikkje heilt halde tritt med denne auken, slik at behaldninga her auka med 20 saker. Behandlingstida er likevel lågare enn kva ho har vore dei siste 4 åra.

Konklusjonen blir at 2014 har vore eit godt saksavviklingsår i denne lagmannsretten.

*Arne Stole  
administrasjonssjef*

## Saksavviklingsstatistikk

<b>INNKOMNE SAKER</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>
Anke over dom i sivile sak	428	428	391	390	423
Anke over orskurd/vedtak i sivile	292	340	282	291	320
Overskjønn	23	12	21	17	13
Lagrettesaker	65	74	55	55	57
Meddomsrett	130	126	127	94	86
Fagdommarsaker	82	68	59	77	70
Ankeprøving	669	614	574	568	519
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	720	712	706	695	672
<b>AVGJORTE SAKER</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>
Anke over dom i sivile sak	404	413	408	402	429
Anke over orskurd/vedtak i sivile	299	341	277	297	300
Overskjønn	18	19	12	22	18
Lagrettesaker	62	65	64	62	59
Meddomsrett	141	130	131	135	95
Fagdommarsaker	70	76	75	80	81
Ankeprøving	645	638	570	564	520
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	645	639	570	570	670
<b>BEHALDNING</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>
Anke over dom i sivile sak	245	257	241	229	221
Anke over orskurd/vedtak i sivile	42	37	42	34	54
Lagrettesaker	38	42	33	26	24
Meddomsrett	79	79	75	42	33
Fagdommarsaker	41	39	24	25	13
Ankeprøving	60	38	23	21	26
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	16	9	6	11	15
<b>BEHANDLINGSTID (dagar)</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>
Anke over dom i sivile sak	188	213	250	205	204
Anke over orskurd/vedtak i sivile	53	53	51	51	47
Lagrettesaker	199	202	251	200	179
Meddomsrett	214	209	242	216	157
Fagdommarsaker	191	175	136	139	110
Ankeprøving	23	26	26	23	21
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	5	6	5	5	5

# Farvel til ringpermane – rapport frå ei digital ankeførehaving

Acta-saka er den mest omfattande straffesaka i Gulatings lagmannsrett si historie. Sju personar sit på tiltalebenken, og tiltalen omfattar m.a. innsidehandel og markedsmanipulasjon. Personen som påtalemakta har peika ut som hovudmannen, var sentral både i drifta av selskapet og som eigar. Ankeførehavinga går i Handelens Hus i Stavanger, og det er sett av åtte månader til behandling av saka.

Acta-saka blir behandla med meddomsrett: Tre fagdommarar, to fagkunnige meddommarar

(økonomar) og tre lekdommarar – kor den eine er vara. Påtalemakta stiller med to statsadvokatar og to politiadvokatar og fleire medhjelparar. Kvar av dei sju tiltalte har fått oppnemnt to forsvararar. Saksmengda aleine er eit argument for to forsvararar, og ei slik ordning reduserer dessutan risikoen for seinkingar og utsetjingar grunna sjukdom. Det er vesentleg når så mange menneske er involvert.

Dokumentmengda i saka er formidabel. For lagmannsretten ligg det føre omlag 40.000 doku-



Foto: Domstoladministrasjonen.

mentsider. Viss vi reknar 500 ark pr. ringperm, utgjer det 80 ringpermar fulle av dokument. Med ein permjukkleik på 7,5 cm blir det 4 m ringperm til kvar. aktør. I tillegg kjem kopi av straffesaksdokumenta som både aktorane og forsvararane har. Om alle skulle ha sete med fullt kopisett, ville det ha stått i overkant av 200 hyllemeter med ringpermar i rettssalen – om dei hadde fått plass.

Under saksførebuinga avgjorde lagmannsretten at papirdokumenta skulle bli erstatta av digitalbaserte dokument. Det var ein av forsvararane som tok initiativet til dette. Det er i all hovudsak politiet som har stått for arbeidet med å skanna kvart einskilt dokument, slik at heile dokumentmengda no får plass på ein liten minnepinne. Denne minnepinnen rommar ikkje

berre eit bilet av kvart papirdokument, men inneheld òg ei mengd lydfilar med opptak frå meklarsamtalar – som er eit bevismiddel i saka. Disposisjonar, hjelpedokument og alle dei notata som dommarane gjer undervegs, kan òg få plass på den same minnepinnen.

Elektronisk basert føring av prov har òg ført med seg ei rekke utfordringar for lagmannsretten. Alle dommarane som deltek i saka fekk i forkant ein dags introduksjon til det tekniske opplegget. Politiet sørga for at aktoratet og forsvararane fekk same opplæring.

Rettssalen i Handelens Hus måtte bli tilpassa til det store talet på aktørar, og det måtte bli lagt til rette for ei mengd datautstyr. Det elektriske anlegget måtte byggjast ut vesentleg. Og ikkje minst; det blei behov for meir enn tretti



Foto: Domstoladministrasjonen.



Foto: Domstoladministrasjonen.

store flatskjermar og ein berbar pc til kvar av dommarane. Kostnaden til ikt-utstyret i saka tok Domstoladministrasjonen, som òg ga tilleggsløyving til dekning av leigekostnadene i Handelens Hus.

Litt over halvvegs i saka er det ei unison oppfatning at innsatsen i forkant har vore vel verdt. Frå første dagen av ankeførehavinga har det tekniske utstyret verka som vi ønskte. Det inneber at når aktorar og forsvararar under sine innleiingar viste til dokument i saka, så blei desse dokumenta vist på samtlege skjermar i rettssalen. Derned kunne kvar av dommarane, alle i aktoratet og samtlege forsvararar med sine tiltalte sjå på det same dokumentet samstundes. Det var inga blading i papir, ingen som slo opp feil, eller som brukte tid på å leita fram riktig perm og side. Samstundes blei dokumenta òg vist på ein stor skjerm, slik at presse og publikum kunne følgja

med på det som blei presentert. Den moglegheit ten hadde ikkje vore til stades, om saka hadde vore papirbasert.

I tillegg til å følgja med på «slaveskjermen» der alle dokumenta blir vist for samtlege, kan kvar einskild aktør i retten henta fram det same dokumentet på sin eigen pc – takk vera minnepinnen som inneheld kopi av heile dokumentbiblioteket. På pc'en kan ein gjera dei notata ein vil, i dei dokumenta ein henter fram der. Slik kan dommarane innarbeida notat og gjera understrekking i teksten, slik vi er vand med å gjera på papir. Bruker ein pc for å notera, kan ein gjera automatiske søk i notata i ettertid. Ein kan sjølvsgå og søka i teksten på dokument som har vore vist. Dette er ingen liten føremon når dom skal skrivast meir enn åtte månader etter at førehavingane starta.

Også dei som ikkje er datakunnige kan følgja

med i ei slik sak. Dokumenta blir vist for alle på ein slaveskjerm/tv-skjerm. Notat kan ein gjera med penn og papir slik ein er vand med. Men berre bruk av pc gjer det mogleg å notera rett i dokumentet. Røynslene frå dommarpanelet i Acta-saka har vore at alle frå dag éin har kunna følgja med, sjølv om forkunnskapane var særvarierande. Undervegs har røynslene og kunnsskap blitt delt på dommarrommet, slik at kompetansen gradvis har auka, og behovet for bistand har minka.

Halvvegs ut i Acta-saka er det ingen som har ønskt ein rettssal fylt med ringpermars. Viss vi hadde satsa på ringpermars med papirdokument, hadde det gått med tid til å leita seg fram til rett side. Om eit papiroppslag skulle ta 30 sekundar lenger tid enn eit elektronisk oppslag, ville vi til no ha brukt omlag 28 timer meir i retten. Med fire-dagars rettsveke, utgjer det ei veke i retten midtvegs i saka. Anslaget er beskjedent. Det betyr ikkje at det går fort fram i saka. Ting tek tid i ei sak med om lag 25–30 aktørar. Men

det er grunn til å tru at det hadde tatt endå lengre tid utan hjelp frå elektronikken.

I retten står eit par kopisett i papirutgåve. Dei er meint å være ein back up, men står meir til skrek og åtvaring. Kopisetta viser at om alle aktørane skulle hatt sitt eige, ville det ha vore behov for større og kanskje dyrare rettssal. Ein hadde òg vore «låst» til salen på ein annan måte. No kan ein når rettsdagen er slutt ta med pc eller ein minnepinne, og gjennomgå inntrykka frå dagen på eige kontor, eller på hotellrommet.

Sjølv om det har krevd forarbeid, investeringar og omstillingar, er det ingen av dommarane, eller av dei øvrige aktørane i saka, som har gitt uttrykk for at dei saknar ringpermene. Røynslene frå Acta-saka vil være verdfull for både Gulatingslagmannsrett og for andre domstolar. Det er liten tvil om at framtida blir digital i større økonometiske straffesaker – og truleg i mange andre saker òg.

*Lagdommar Rolf Strøm*

# Nettbrett er blitt arbeidsverkty for dommarane

I Gulating lagmannsrett var 2014 på fleire måtar prega av den digitale utviklinga. Som første domstol i landet innførte lagmannsretten i full skala nettbrett som arbeidsverkty for lagdommarane.

Mange lagdommarar hadde over tid gitt uttrykk for at bruken av Retstidende i papir og av lovsamlinga i aukande grad var blitt erstatta av nettbaserte rettskjelder, særleg Lovdata og Gyldendal rettsdata. Nokre dommarar hadde og på eige initiativ tatt i bruk private nettbrett.

Ei arbeidsgruppe utgreidde spørsmålet, og konkluderte med at tida var moden for innføring av dette moderne hjelpemiddlet. Det ble særleg vist til at føremonen med eit slikt elektronisk arbeidsverkty for dommarane er at rettskildebiletet alltid vil vera oppdatert når det gjelder lovtekst, kommentarar og rettspraksis. Det er lett å følge henvisingar, og informasjonen er lett å bruka på ny ved til dømes innarbeiding i eigne skriftlege arbeid. Dette vil medverka til kvalitetssikring av rettslege avgjelder.

I rettsmøte nyttar vi nettbrettet til å skriva notat frå førehavingane. Slike notat kan lett bli omfattande, men i digital form er dei lette å organisera og bruka om att.

For ein reisande domstol som Gulating lagmannsrett vil bruk av nettbrett forenkla dommarkvarden utanfor kontorarbeidspllassen og på reise.

Før sommaren blei nettbretta kjøpt inn og tekne i bruk. Etter eit halvt års bruk kan vi slå fast at ordninga har blitt ein suksess. Nettbrettet følgjer no med mange dommarar i rettssalen, på domskonferansar og på reisesaker.

Røynslene har vist at nettbrettet er ein føre-

målstenleg arbeidsreidskap, fordi det med sin beskjedne storleik, låge vekt og gode batterikapasitet i fleire samanheng kan supplera eller erstatta ein PC.

I rettssalen kan nettbrettet sin moglegheit for å skilja skjerm og tastatur være ein føremón, sidan det ofte ligg dokumentutdrag og disposisjonar på dommarbordet.

Innføringa av nettbrettet har ført til at lagmannsretten har kunna avgrensa innkjøpa av lovsamlinga og abonnementa på Retstidende. Over tid vil desse innsparingane vege opp for kostnadene med nettbrett.

Ikkje minst er det ein generell føremón at innføringa av nettbrett gjev auka kompetanse og motivasjon til å møta den framtidige digitale utviklinga i domstolane.

*Avdelingslagmann Martin Tenold*

# Gulating lagmannsrett – ein reisande domstol

12

Gulating lagmannsrett femnar om fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Frå Moi sør i lagdømet til Selje i nord, er det 609 km. Lagdømet er delt i to lagsokn, der Hordaland og Sogn og Fjordane utgjer det eine og Rogaland det andre. Sakene kjem frå alle delar av lagdømet. Ein stad mellom 40 og 45 % av sakene kjem frå Rogaland.

Alle saker frå Rogaland blir i utgangspunktet avvikla anten i Stavanger eller Haugesund. I Stavanger disponerer lagmannsretten ein etasje i tinghuset, som inneheld m.a. tre rettssalar. I Haugesund disponerer vi ein rettssal.

Sakene frå Hordaland og Sogn og Fjordane legg vi i utgangspunktet til Bergen. For alle sakene som blir lagt til desse tre rettsstadane er det likevel slik at viss det er behov for synfaring, legg vi sakene – eller i det minste delar av den einskilde saka – til eit lokale i nærleiken av der synfaringa skal finna stad. Dette gjeld særleg i sivile saker om fast eigedom, eller i straffesaker der synfaring av ein åstad er naudsynt. Vi låner då lokale av dei lokale tingrettane, eller rett blir sett i forsamlingshus, skolar eller på hotell. Samla sett avviklar vi noko i underkant av halvparten av rettsmøtedagane våre utanfor bygget vårt i Bergen.

Synfaringssakene har tradisjonelt vore sett på som eit gode blant lagmannsretten sine dommarar. Frå tidlegare tider er det blitt formidla gode minne frå den gongen ein sette seg på båten til Sogn mandag føremiddag, var på sak tysdag, onsdag og torsdag, og var attende igjen i Bergen fredag, då gjerne med dommen ferdig handskriven. Då var det òg ein protokollførar med på turen. Dette skjer ikkje lenger i dag.

I dag er kommunikasjonstilhøva monaleg betre. Det meste av reising skjer til og frå Stavanger med fly. Det tek ikkje stort meir enn 2 timer å kome seg frå Bergen sentrum til tinghuset i Stavanger. Framleis er det likevel slik at spør du ein røynd lagdommar om hans beste stunder i lagmannsretten, er det i regelen ei synfaringssak han vil trekkja fram. Den gangen han kunne gå i fleire dagar i fjellet, på jakt etter eigedomsgrensene.

Reiseaktiviteten styrker og det sosiale samhaldet i lagmannsretten. På alle reiser er det regelen at dei tre dommarane møtest til middag på kvelden.

Spreiinga i stadene kor vi set rett stiller store krav til dommarane i lagmannsretten. I gjennomsnitt var dommarane på reise i 37 døgn i 2014. Fråvera av eit slikt omfang over år er ikkje heilt lett å sameina med dagens krav til familieliv og omsorg for små born, eller i høve til å ta seg av gamle foreldre. Det oppstår òg utfordringar i samband med deltaking i lag- og organisasjonsarbeid. Vi freistar å fordela reiseaktiviteten likt mellom dommarane. I nokre tilfelle er ikkje dette mogleg, til dømes avdi ei enkeltsak strekk seg over mange dagar, slik som Actasaka som er omtala annastad i denne årsmeldinga. Nokre få dommarar er fritekne frå reising av helsemessige årsaker, og nokre får tilpassingar grunna omsorgsplikter.

Med omsyn til ei effektiv drift er reiseaktiviteten ei utfordring. Det er ingen tvil om at dommarane får utretta meir i sakene sine når rettsmøta blir haldne i Bergen. Tida både før og etter rettsmøtet kan ein då nytta til å arbeida med løpende spørsmål, og ikkje minst unngår

ein at utkast til avgjerder og liknande blir liggande på vent avdi ein dommar er på reise. Kostnadane med reiseverksemda er også store. I 2014 brukte vi omlag 4,9 millionar kroner på reise. Utanom løn og husleige, er dette den desidert største posten i rekneskapen vår.

Løyvingane frå styresmaktene har vore særstramme dei siste åra. Samstundes har ny teknologi gjort mogleg at dei omsyn som tidlegare gjorde synfaring naudsynt, i mange høve i dag kan løysast på anna vis. I ei sak som gjaldt tvist om eigedomsgrenser som ble avvikla i haust, var det sett av to dagar til synfaring i til dels krevjande fjellterreng. Prosessfullmektigane blei samde om å filma det aktuelle området med hjelp av ein drone. Filmen blei vist under ankeførehavinga, som blei gjennomført på to dagar mindre enn opphavleg avsett. Filmen innebar såleis ein

monaleg effektivitetsvinst for lagmannsretten, og ikkje minst ei monaleg kostnadsreduksjon for partane i form av advokatkostnader for to dagar.

Sjølv sagt er det ikkje slik at bruk av film eller foto kan gje eit forsvarleg avgjerdsgrunnlag i alle saker. Det er likevel grunn for partar, advokatar og dommarar å vurdera grundig alternativ til synfaring under saksførebuinga. Avhøyr av vitne via videokonferanseutstyr er ein annan teknologi som inneber at behovet for å leggja rettsmøte utanfor Bergen er mindre. Innstrammingane i budsjetta, krav til ei effektiv ressursnytting og teknologiske framsteg gjer at tida etter kvart er moden for å gjennomgå behovet for å setja rett utafor våre lokale i Bergen på nytt.

*Avdelingslagmann Arne Henriksen*

# Organisering av Gulathing lagmannsrett

14

Lagmannsretten er leia av førstelagmannen som saman med avdelingslagmennene og administrasjonssjefen har ansvar for den daglege drifta. Dommarane er organisert i to dommaravdelingar, leia av kvar sin avdelingslagmann. Til kvar avdeling er det knytt ein avdelingskonsulent. Saksbehandlarane er organisert i eit sekretariat, under leiing av ein sekretariatsleiar. I tillegg er det ulik stabs- og støttefunksjonar.



Foto: Domstoladministrasjonen.

## Leiargruppa i Gulathing har vore:

Førstelagmann Bjørn Solbakken  
Avdelingslagmann Martin Tenold  
Avdelingslagmann Arne Henriksen  
Administrasjonssjef Arne Stølen

Dommarar avdeling 1	Dommarar avdeling 2
Martin Tenold	Arne Henriksen
Hanne Sofie Greve	Steinar Magnus Trovåg (pensjonist frå 30.11)
Jan Erik Erstad	Rune Voll
Stig Sjong	Ørnulf Jacobsen
Rannveig Sjøvoll	Daniel Lunde
Carl Petter Martinsen	Håvard Romarheim
Fredrik Staff (døde 09.02)	Ellen Midtgård
Rolf Strøm	Arne Fanebust
Haakon Meyer	Jon Atle Njøsen
Berit Moldskred Mo	Guri Elisabeth Molven
Bjørn Lillebergen	Wiggo Storhaug Larssen
Ole-Arne Linga	Kjell Frønsdal (pensjonist frå 31.05)
Per J. Jordal	Margreth Christophersen
Jarle Golten Smørdfal	Nina Cath. Noss
Grethe Strandborg	Birger Stedal
Torstein Frantzen	Magni Elsheim
Gro Berge (begynte 1. desember)	Vigdis Bygstad
	Knut Harald Braathen (begynte 01.08)
	Kai Ove Roseth (begynte 01.09)

**Avdelingskonsulenter:**

Avdeling 1: Gunvor Knudsen

Avdeling 2: Inger Røyrbotn Låstad

**Juridiske utgreiarar:**

Marie Trovåg

Therese Kongsvik (permisjon frå 18.11)

**Sekretariat:**

Leiar: Henriette Hinna

**Saksbehandlarar:**

Arnhild Bø

Sara Camilla Deisz

Eva Ingunn Fauskanger

Lena Osberg Fauskanger

Marit Tolleshaug Hansen (pensjonist frå 01.08)

Helga Herfindal

Veronika Iversen

Henriette Bergli Lillestøl

Wenche Lund

Linda Mjaatvedt Moen

Tonje Olsnes

Alice Hatlelid Opdahl (vikar)

Wibecke Søraas Onarheim

Hjørdis Skogen

Line Liebrecht Steffensen

Tone Hetlevik (praksisplass)

**Rekneskap/fellestenesta:**

Jostein Hordvik

Ragnhild Bull

Wenche Haarvig Endregaard

Cornelia Helén Ohr (begynte 06.05)

Line Djupvik Andersen (20 % stilling)

Janicke K. Vognstølen

**Stavangerkontoret:**

Hildur Engeland Staalesen

**Rettsbetjentar i Bergen:**

Terje Fosseidal

Ove Johannessen

Thor-Magne Haugen

Bjørn Norbeck

**Rettsbetjentar i Stavanger:**

Karl Fagerlund

Terje Olav Høiland

Edvard Natvig



Lagdommar Knut Harald Braathen. Foto: Rolf Strøm



Lagdommar Kai Ove Roseth. Foto: Janicke K. Vognstølen



Lagdommar Gro Berge.

Foto: Janicke K. Vognstølen.

I tillegg til faste og konstituerte dommarar, nyttar lagmannsretten ekstraordinære dommarar. I 2014 har desse ekstraordinære dommarane gjort teneste:

Åge Fred Pedersen (pensjonist frå 30.06)  
 Astrid Lærdal Frøseth  
 Arne Landmark  
 Helge Lillebø  
 Elisabeth Løseth

Ove Midttun  
 Ivar Oftedahl  
 Jostein W. Rovik  
 Øyvind Smukkestad  
 Steinar Trovåg  
 Walter Wangberg

**Ressursgruppedommarar:**

Per Magne Isaksen  
 Christian Wyller  
 Gunnar Steintveit  
 Jørn Ree  
 Hans Hugo Kristoffersen

**IKT og tryggleik:**

Espen Ask Husby  
 Erlend Eikås  
 Tore Ervik  
 Tove Reime  
 Ronny Andreassen  
 Carlos Antonio Vassbotn (begynte 21.02)

**IKT:**

Niklas Haldorsen  
 Roman Darbodov (begynte 01.08)  
 Lasse Tiller (slutta 31.07)



Saksbehandlar Cornelia Helén Ohr. Foto: Janicke K. Vognstølen.



Saksbehandlar-vikar Alice H. Opdahl. Foto: Janicke K. Vognstølen.

**Vikarpool:**

Vi har ein vikarpool av jusstudentar frå Universitetet i Bergen. Studentane blir kalla inn som vikar ved sjukdom og lengre ferie hjå saksbehandlarar:  
 Ingrid Løken Kallelid  
 Marie Linga Slåke  
 Elisa Eichstetter

**Slutta i 2014:**

Saksbehandlar Marit Tolleshaug Hansen  
 Lagdommar Kjell Frønsdal  
 Lagmann Steinar Trovåg  
 Lagdommar Fredrik Staff

**Tilsette i 2014:**

Lagdommar Knut Harald Braathen  
 Lagdommar Kai Ove Roseth  
 Lagdommar Gro Berge  
 Saksbehandlar Cornelia Helén Ohr

**Jurisdiksjon – embetskrinsen**

Gulating lagmannsrett er ein av seks lagmannsrettar i Norge. Forutan lokalet vårt i Bergen, har me og kontor og rettslokale i Stavanger, Haugesund, Førde og Nordfjordeid. I embetskrinsen var det per 1. januar 2014 til saman 1 0731 079 836 innbyggjarar, som fordele seg slik på dei tre fylka:

Rogaland	459 625
Hordaland	505 246
Sogn og Fjordane	108 965

I dei tre fylka er det til saman 86 kommunar. I Gulating lagdøme er det 10 første-instansdomstolar:

Bergen tingrett  
 Stavanger tingrett  
 Dalane tingrett  
 Jæren tingrett  
 Hardanger tingrett  
 Haugaland tingrett  
 Sunnhordland tingrett  
 Nordhordland tingrett  
 Sogn tingrett  
 Fjordane tingrett

Lagmannsretten er ankeinstans for saksbehandling og rettsbruk i Gulating jordskifteoverrett. Gulating lagmannsrett er også ankeinstans for følgjande jordskifteoverrettar:

Sør-Rogaland jordskifterett  
 Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett  
 Nord- og Midhordland jordskifterett  
 Indre Hordaland jordskifterett  
 Indre Sogn jordskifterett  
 Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett  
 Nordfjord jordskifterett



Lagdommar Fredrik Staff.

Foto: Rolf Strøm.

Vår kollega Fredrik Staff blei alvorleg sjuk i 2013,  
og 9. februar 2014 måtte han gje tapt for sjukdommen.

Fredrik Staff blei utnemnt som lagdommar i 2000.  
Det var ein røynd dommar og god kollega som gjekk bort.  
Han var omsorgsfull og interessert i alles ve og vel.  
Han hadde alltid tid til ein prat, og var på god bølgjelengd  
med alle medarbeidarane i lagmannsretten. Han tok aktivt  
del i det faglige og sosiale livet i lagmannsretten.

Han var tillitsvald for dommarane og engasjerte seg  
i arbeidet for dommarane sine interesser. Han var faglig  
engasjert i fleire eksterne råd og utval. Privat var han  
oppteken av trening og friluftsliv. Han var sterkt  
engasjert i Human-Etisk Forbund.

Fredrik Staff døydde berre 60 år gammal.  
Han skulle hatt mange gode år framfor  
seg i lagmannsretten. Vi saknar hans venlege  
vesen og gode humør.

*Martin Tenold  
avdelingslagmann*



Førstelagmann Bjørn Solbakken – besøk av Stortingets justikomite.

Foto: Janicke K. Vognstølen.



Møte mellom justisminister Anders Anundsen og leiinga i domstolane i Bergen.

Foto: Janicke K. Vognstølen.



Møte mellom justisminister Anders Anundsen og leiinga i domstolane i Bergen.

Foto: Janicke K. Vognstølen.



Frå superbrukarmøte.

Foto: Janicke K. Vognstølen.





## **GULATING LAGMANNSRETT**

**Postadresse:** Postboks 7414, N 5020 Bergen

**Besøksadresse:** Gulatings plass 1

**Telefon sentralbord** + 47 55 69 39 00

**Telefaks** + 47 55 69 39 01

**Heimeside:** [www.domstol.no/gulating](http://www.domstol.no/gulating)

**e-post:** [gulating@domstol.no](mailto:gulating@domstol.no)